



Solbakk & Soltveit Eiendom AS
Mjukebakkane 8
5918 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5995 - 22/81918

Saksbehandlar:
Morten Mangerøy Helland
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:
27.10.2022

Løyve til seksjonering av gbnr. 24/107 - Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr: 1211/22

VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar, vert oppdeling av gbnr. 24/107 i 2 eigarseksjonar godtkjent slik det er søkt om. Seksjonane får fylgjande someigebrøk, føremål og tilleggsareal:

Seksjonsnr.	Sameigebrøk	Føremål	Tilleggsareal
1	1/2	B	
2	1/2	B	

Alt uteareal på eigedomen vil etter seksjonering vere fellesareal for alle seksjonane.

Saka gjeld

Solbakk og Soltveit eigedom AS har sendt inn søknad om oppdeling av eigedomen gbnr. 24/107 i eit seksjonssameige beståande av totalt 2 bustadseksjonar. Det er søkt om og gitt løyve til oppføring av ein tomannsbustad på eigedomen.

VURDERING:

Søknad om seksjonering er innsendt til kommunen med fylgjande vedlegg:

- Søknad om seksjonering
- Situasjonsskart med seksjonsinndeling
- Vedtekter for sameige
- Kopi av løyve til oppføring av bustad

J.f situasjonsplan og planteikningar, er bygningen ein vertikaldelt tomannsbustad i ein etasje med to bueiningar. Alle bueiningane har eigen inngang frå felles uteareal. Kvar av bueiningane skal

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

etter seksjonering utgjere ein seksjon. Kvar av seksjonane har tilgang til nødvendige funksjonar frå eige areal eller felles uteareal.

Det er avsett tilstrekkeleg parkeringsareal på eigedomen

Etter gjennomgang av innsendte dokument finn kommunen at seksjoneringsøknaden både samla og for dei enkelte seksjonane oppfyller krava i lov om eigarseksjonar.

Vidare saksgang

Vedtaket vert sendt rekviert med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsaming og tinglysing vert sendt heimelshavar. Saksdokumenta saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når klagefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyste dokument frå kartverket, vert matrikkelbrev for eigedomen etter seksjonering med saksdokumenta sendt rekviert.

Regelverk

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr. 65

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/5995»

Med helsing

Alver kommune Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedtekter

Planteikning, situasjonsplan

Søknad om seksjonering - gbnr 24/107 Fammestad

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Mottakarar:

Olav Andre Soltveit

Solbakk & Soltveit Eiendom As

Mjukebakkane 8 5918

Frekhaug